

Lokal forskrift 1. august 2026 om skulerute for grunnskulen i Ulvik herad 2026-2027

Heimel: Skuleruta skal vedtakast av heradsstyret i Ulvik herad 22. oktober 2025 med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova LOV-2023-06-09-30) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2026-2027.

Elevane har rett og plikt til å møta på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for alle elevane i grunnskulen i Ulvik herad

§ 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhangande veker.

§ 3 Skule- og feriedagar for skuleåret 2026-2027

Fyrste skuledag etter sommarferien	17 .august
Haustferie	5. oktober til 9. oktober (veke 41)
Planleggingsdag, elevane har fri	6. november
Juleferie (siste skuledag før jul 22. des og fyrste skuledag etter ferien er 5. januar)	23. desember til 5. januar.
Vinterferie	22. februar til 26. februar (veke 8)
Planleggingsdag, elevane har fri	12. mars
Påskeferie (siste skuledag før påske 19. mars, fyrste skuledag etter påske er 30. mars)	22. mars- 29. mars
Kristi himmelfartsdag	6. mai
Elevfri dag	7. mai
Offentleg fridag	17. mai/ 2. pinsedag
Siste skuledag før sommarferien	18 .juni

§ 4 Iverksetjing og opphør

Forskrifta trer i kraft 01.08.2026 med opphør 31.07.2027, eller til den vert erstatta med ny forskrift.